

## **AF Decom miljøbase på Raunes**

v/Evy Lærdal

### **Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval**

**Torsdag 22. mars 2012 I Vindafjordhallen kl. 19.30.**

**Desse møtte: Severin Fatland, Kristin Ove Skare, Anne Nesheim Myhre og Jon Olav Velde (Hilde Fadnes Hølland har morspermisjon, Alf Egil Vaula, Magne Skrunes og Per Fatland kunne ikkje møta.)**

#### **Sak 10. Luftforureining frå AF Decom sin miljøbase på Raunes.**

Grendautvalet har merka seg den store negative omtalen om miljøbasen frå fleira hald.

Ettersom det blir sagt, skjer det nærast ukontrollert utslepp frå anlegget. NMF avd. Vats har engasjert NILU (Norsk Institutt for Luftforskning) for å slå fast at det skjer stor luftforureining frå miljøbasen. NILU fekk i oppdrag å analysere prøvar av slam og støv som er tekne frå ei takrenne på fiskefarmen og frå eit luftfilter frå eit hus inne ved Åmsosen. Desse prøvane synte at det var stor luftforurensning av ulike giftige stoffer. Desse opplysningane blei sendt rundt til ulike media med store overskrifter. Både radio og aviser og etatar fekk desse sjå testane utan å opplysa om kva NILU hadde som sin kommentar om prøvane.

#### **NILU skriv i sin publikasjon 15 03 12 om desse prøvane:**

**Sitat:** ”Raunes Fiskefarm har i flere brev til miljøforvaltningen lagt fram dokumentasjon på det de mener er omfattende miljøforurensning fra AF Decom Offshores (AFDO) miljøbase i Vats. NILU`s analyser som er i bruk i dokumentasjonen, er tatt helt ut av sin sammenheng.”

#### **Vidare skriv NILU:**

**Sitat:** ”I rapporten som er sendt og omtalt i pressen , refereres det til ”Luftprøver foretatt av NILU” Dette medfører ikke riktighet. NILU har ikke foretatt luftprøver. Videre trekkes det slutninger om utslipp på grunnlag av våre analyser som det ikke er grunnlag for”

**NILU skriv vidare: Sitat** ”Vårt oppdrag har vært å bestemme metallinnholdet av et luftfilter fra et ventilasjonanlegg ved Åmsosen som ligger 3,8 km fra den omtalte miljøbasen.

Resultatet kan **IKKE** brukes til å gjøre utslipps- og spredningsberegninger. **Dette har NILU gjort oppdragsgiver oppmerksom på ved flere anledninger. Verken slam fra takrenner eller luftfiltre fra ventilasjonsanlegg er egnet til slike målinger.**

For å få klarhet i situasjonen, vil NILU anbefale at luftmålinger som før omtalt, inkluderes i det eksisterende overvåkingsprogrammet.”

**Det er svært uheldig at denne saka om luftforureining har fått så stor mediamerksemd på feil premisser.**

Det burde vore opplyst om kva kommentar NILU hadde til desse prøvane. Dette svekker truverd det til miljøverngruppa.

NILU anbefaler at NIVA som har miljøovervakinga rundt miljøbasen, tek seg av desse målingane for å kartleggja om det er luftforureining frå miljøbasen.

Grendautvalet har tillit til at NIVA som ein uhilda part, legg fram objektive resultat.

Deretter får kommune, fylke og staten sine miljøavdelingar gjera sine kontrollar.

**Viktig for grendautvalet:**

**Kjem det fram at det skjer utslepp som overstig grenseverdiane som er sette, må miljøbasen iverksetja tiltak for å få kontroll på dette.**

**Grendautvalet er glad for all overvaking av miljøet i og rundt Raunes.**

**Det var ein gledeleg at NIVA kunne leggja fram ein positiv miljørapport på folkemøte i Vindafjordhallen 7. mars. Dette syner at miljøbasen har stort fokus på miljøet.**

**Grendautvalet kan ikkje trekkja i tvil det arbeidet som miljøbasen gjer for å gjera tiltak i tråd med anbefalingar frå dei ulike kontrollinstansane.**

**Me er alle interessert i å ta vare på miljøet i og rundt Vatsfjorden.**

**Me må ha tillit til at miljøbasen gjer alt arbeid på ein forsvarleg måte etter gjeldande lovar og reglar.**

Øvre Vats 22. mars 2012

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-